

Saksbehandlar: Ole I. Gjerald, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 17/3834-1

Forslag til framtidig regional modell for arbeids- og tenestelina i NAV – høyringsfråsegn

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune legg til grunn at arbeids- og tenestelina i NAV får ei organisering og regional inndeling som samsvarer med det nye folkevalde nivået og dei nye fylkesmannsembeta sin geografiske struktur. Regional samordning med sams yttergrenser bør vere eit gjennomgåande grunnprinsipp i alle dei regionaliseringsprosessane som no går føre seg.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune stør at leiinga for det nye regionale NAV-kontoret vert plassert i Hordaland under føresetnad at leiinga for det samanslegne fylkesmannsambetet blir lagt til Sogn og Fjordane. Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar er, i den framforhandla intensjonsplanen for det nye folkevalde nivået, samde om denne fordelinga. Den tilrådde regioninndelinga for NAV, med regionkontor i Bergen, må leggje opp til ein desentralisert struktur. Ved å nytte moderne leiing og oppgåve- og arbeidsdeling vil ein kunne bruke kompetansen i heile regionen. Slik vil også regionnivået i NAV kunne ha nærleik til, og god kunnskap om, utfordringane i kommunane og lokalsamfunna i heile regionen.
3. Ei slik ny regional inndeling, med påfølgjande styrking av dei lokale NAV-kontora ved overføring av oppgåver frå dagens fylkesnivå, må opne for tilsvarande overføring frå direktoratet til dei nye NAV-regionane.
4. Fylkesutvalet vil peike på utfordringar som regjeringa trekkjer fram i «Perspektivmeldinga 2017» knytt til framtidig utvikling innanfor arbeidsmarknaden og på integreringsområdet. NAV vil vere ein sentral aktør i høve til desse utfordringane framover.

Vedlegg:

1. Forslag til framtidig regional modell for arbeids- og tjenestelinjen i NAV: Regionalisering gir muligheter. Delrapport 4 frå utgreiingsprosjektet til arbeids- og velferdsdirektøren. Høyringsnotat datert 20.03.2017.
2. Høyringsbrev datert 20.03.2017.

Andre relevante dokument (som ikkje ligg ved):

1. Vurdering av ulike modeller og forslag til vidare utredning. Delrapport 1.
2. Vurdering av roller og oppgaver på regionalt nivå. En overordnet struktur. Delrapport 2.
3. Frigjøring av ressurser til NAV-kontoroppgaver og vilkår for lokalisering av regionkontor og regionale spesialenheter. Delrapport 3.

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Arbeids- og velferdsdirektøren starta våren 2016 eit utgreiingsprosjekt for å vurdere ein ny framtidig regional struktur i arbeids- og tenestelina i NAV. Prosjektet har levert fire delrapportar. Høyringsnotatet som no er sendt til fylkeskommunane og ei rekkje andre høyringsinstansar er utarbeidd på bakgrunn av dei tre første delrapportane samt innspel som er komne undervegs i prosessen. Høyringa går føre seg i tidsrommet 20. mars til 28. april. Utgreiingsprosjektet vil deretter gå gjennom innkomne fråsegner og utforme ein sluttrapport. Endeleg innstilling vert levert arbeids- og velferdsdirektøren i juni.

NAV har i dag ein struktur som følgjer fylkesgrensene. Trendane i arbeidslivet og digitaliseringa generelt, gjev moglegheiter for å samhandle og utvikle NAV sine tenester innan større geografiske område. Det går fleire parallelle endringsprosessar som vil påverke arbeids- og tenestelina si oppgåveløysing framover. Internt i NAV er digitaliseringsprosessane i gang, og nyleg er rapporten «Utvikling av NAV-kontor» lagt fram for å styrke handlingsrommet for desse kontora. Blant NAV sine mest sentrale samarbeidspartar, som fylkesmannsembeta, kommunane og fylkeskommunane, går det også føre seg omfattande nasjonale omstillingsprosessar. Også desse vil kunne få innverknad på NAV si samla organisering og oppgåveløysing.

Fylkesrådmannen oppfattar at eit overordna mål med å greie ut ei framtidig regionløysing for NAV, er å vurdere korleis NAV-organisasjonen kan styrke dei brukarnære tenestene. Dette omfattar både frigjerung av ressursar til oppgåver i NAV-kontora, og ei vurdering av korleis eit framtidig regionalt nivå betre kan støtte dei brukarnære oppgåvene. Fylkesrådmannen meiner det er grunn til å vere oppteken av arbeids- og oppgåvedelinga mellom eit ev. nytt regionalt NAV-nivå og dei lokale NAV-kontora.

Ved val av organisering og regional inndeling for arbeids- og tenestelina i NAV er det viktig at ein legg særleg stor vekt på ei gjennomgåande organisering som sikrar at NAV kan levere gode og likeverdige tenester regionalt og særleg lokalt mot innbyggjarar, kommunar/lokalsamfunn og næringsliv.

Gjennom høyringsdokumentet er fylkeskommunane og andre høyringsinstansar inviterte til å vurdere særleg dei delane av arbeids- og tenestelina som i dag har ein fylkesvis struktur. Dvs. fylkeskontora, arbeidslivssentra, arbeidsrådgevingskontora, rådgjevande legar og enkelte andre tenester. NAV-kontora, NAV-kontaktsentra og NAV Hjelpemidlar samt tilrettelegging i arbeids- og tenestelina er slik sett ikkje direkte omfatta av utgreiinga. Heller ikkje andre delar av NAV-organisasjonen, som direktoratet, ytelseslina og økonomilina, er prioriterte tema i høyringa. Utgreiingsprosjektet ønskjer ei brei høyring hjå aktuelle samarbeidspartar og internt i NAV. Prosjektet ønskjer innspel som bidreg til ein føremålstenleg struktur som set NAV betre i stand til å utvikle det norske velferdssamfunnet.

Fylkesrådmannen rår fylkestinget til å understreke at arbeids- og tenestelina i NAV bør få ei organisering og ei regional inndeling som i størst mogleg grad samsvarer med det nye folkevalde regionale nivået og dei nye fylkesmannsembeta sin geografiske struktur. Regional samordning innanfor sams yttergrenser bør vere eit gjennomgåande grunnprinsipp i den regionaliseringa som no går føre seg. Styringsgruppa i utgreiingsprosjektet har alt peikt på dette alternativet som eit særskilt aktuelt modellval, og bør halde fast på dette standpunktet i den vidare prosessen.

Fylkesrådmannen rår også fylkesutvalet til å understreke viktigeita av at NAV-organisasjonen, innanfor ei ny regioninndeling, bør leggje opp til ein desentralisert struktur, der leiinga for det nye regionale NAV-kontoret sit i Hordaland/Bergen. Moderne leiing og oppgåve- og arbeidsdeling inneber at organisasjonen

tek kompetansen i heile regionen i bruk. Slik vil også det nye regionnivået i NAV ha nærleik til, og god kunnskap om, utfordringane i kommunane og lokalsamfunna i heile regionen. Dette vil vere ei høveleg oppfølging av den framforhandla intensjonsplanen for samanslåing av dei to fylkeskommunane. Her er det føreset at også fylkesmannsembeta skal slåast saman, og at leiinga der skal vere i Sogn og Fjordane.

Sogn og Fjordane fylkeskommune bør i denne saka altså sjå hen mot intensjonsplanen for samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland, jf. FT-sak 03/17. Dette på same måte som vi får støtte frå Hordaland fylkeskommune i høve vilkåret om at fylkesmannsambetet skal ha ei desentralisert forvaltning lokalisert i begge dagens fylke, med leiing frå Sogn og Fjordane.

Ei regional inndeling som samsvarer med det nye folkevalde regionale nivået og dei nye fylkesmanns-embeta sin geografiske struktur, med ei påfølgjande styrking av dei lokale NAV-kontora gjennom overføring av oppgåver frå dagens regionale nivå, skaper vidare klare forventningar om at det i framhaldet vert gjort ei tilsvarende vurdering om i kva grad oppgåver kan overførast frå direktoratnivå til dei nye NAV-regionkontora. Fylkesrådmannen rår i si tilråding her fylkesutvalet til å gje tydeleg uttrykk for denne forventninga.

2. Bakgrunn for saka

Arbeids- og velferdsdirektøren sette våren 2016 i gang eit utgreiingsprosjekt for å vurdere ei ny framtidig regionalisering av arbeids- og tenestelina i NAV. Det vart sett ned ei arbeidsgruppe som m.a. skulle vurdere organiseringa av NAV sin fylkesstruktur. Vurderinga skulle munne ut i ei tilråding til prosjektet si styringsgruppe. Prosjektet fekk eit todelt mandat for å greie ut ein ny regional struktur:

- Frigjere ressursar til oppgåver i dei lokale NAV-kontora.
- Tilrå framtidig regional struktur for å leie og utvikle verksemda regionalt på ein best mogleg måte.

Ved å ha færre regionale einingar er målet at ein frå 01.01.20 skal kunne rasjonalisere så mykje av arbeidet på regionalt nivå, at ein kan allokere ressursar til, og styrke, dei lokale NAV-kontora. Samstundes må det også vere tilstrekkeleg ressursar på regionnivået til at ein kan understøtte NAV-kontora sitt arbeid på ein god måte. Det er fleire tilhøve ved NAV sin framtidige regionale struktur som er utgreidd i prosjektet:

- Tal regionar.
- Innhald, oppgåver, roller og ansvar for det regionale nivået.
- Storleik: tal medarbeidarar og leiarar som konsekvens av innhald, oppgåver, roller og ansvar.
- Inndeling av fylkeskontor og fylkesvise spesialeiningar i ein ny regional struktur.
- Kriterium for lokalisering av nye NAV-regionkontor.

Prosjektet fekk i oppgåve å vurdere føremoner og ulemper ved følgjande modellar:

- «Radikalt alternativ»: 5-6 regionar.
- «Mellomalternativ»: 10-13 regionar.
- «Basisalternativ»: Endringar av regionalt nivå i takt med endringar i omgjevningane, det vil seie fylkesmannsstruktur, fylkeskommunar og andre samarbeidspartar.
- «Nullalternativ»: Dagens fylkesstruktur vert ført vidare.

I delrapport 1 vert det gjeve ein grundig omtale av dagens struktur. Deretter vert det mest radikale alternativet og mellomalternativet vurdert opp mot dagens struktur. Basisalternativet, der ein legg dei nye folkevalde regionane og inndelinga av fylkesmannsembeta til grunn for NAV-regionane, har prosjektet først kunna vurdere etter at regjeringa no har kome med sine forslag om nye folkevalde

regionar i Noreg og ny inndeling av fylkesmannsembeta. Dette alternativet er såleis mindre grundig handsama i høyringsnotatet, då høyringsnotatet vart sendt ut alt 20.03.17. Inndelinga i nye folkevalde regionar vert endeleg vedteken i Stortinget 08.06.17.

3. Modellalternativa

Føremålet med delrapport 1 var å drøfte og tilrå aktuelle framtidige regionale modellar for arbeids- og tenestelina i NAV. Her gjer fylkesrådmannen kort greie for modellalternativa som har vore drøfta:

Dagens struktur – alternativ 1

NAV er delt inn i 19 regionar med tenesteområde og kontor i stort sett alle kommunar. Det er i dag meir enn 450 NAV-kontor i Noreg. Inndelinga følgjer i all hovudsak dagens fylkesgrenser. Sør- og Nord-Trøndelag fylke er vedtekne slegne saman frå 1. januar 2018, og Agder-fylka har fått felles fylkesmann, slik ein også har i Oslo og Akershus. Nye folkevalde regionar og ei ny inndeling av fylkesmannsembeta gjer at det er grunn til å vurdere også NAV si regionale inndeling.

Radikalt alternativ – alternativ 2

Utgreiingsprosjektet har gjennom det radikale alternativet greidd ut ein modell som inneber 5–6 NAV-regionar i Noreg. Modellen er tilnærma lik regioninndelinga i Statens vegvesen. I eit alternativ med 6 regionar tenkjer prosjektet seg Oslo som eigen region. Utan endringar i tal NAV-kontor vil alternativ 2 i snitt gje kvar region i overkant av 90 NAV-kontor, i praksis med variasjonar frå 88 til 103. Det er framleis for tidleg å leggje til grunn det endelege resultatet av kommunereforma. Men dersom ein legg NAV si eiga høyringsfråsegn til Meld. St. 33 (2015-16) «NAV i en ny tid – for arbeid og aktivitet» til grunn, der ambisjonen er ein reduksjon til 200 NAV-kontor nasjonalt, vil kvar region i snitt ha om lag 40 kontor.

Mellomalternativet – alternativ 3

Utgreiingsprosjektet sitt utgangspunkt for å vurdere ein modell med 10–13 regionar er tilnærma lik regioninndelinga i politietaten (12 regionar). Politiet sin regionmodell har fleire avvik frå dei eksisterande fylkesgrensene. Utan endringar i tal NAV-kontor vil alternativ 3 i snitt gje kvar region om lag 38 kontor. I praksis med ein variasjon frå 15 (Oslo) til 66 kontor (Hordaland og Sogn og Fjordane). Basert på same resonnementet som i alternativ 2 (200 kontor), vil regionane i ein slik modell ha om lag 16–17 kontor.

Basisalternativet – alternativ 4

Regjeringa føreslo i Meld. St. 22 (2015-16) ei samanslåing av dagens 19 fylkeskommunar til om lag 10 nye folkevalde regionar. Regionreformprosessen går parallelt med kommunereforma, og det same gjer prosessen knytt til ein ny, framtidig regionstruktur for fylkesmannsembeta. Det mest sannsynlege alternativet som vert drøfta i alternativ 4, ligg nært opp til modellen som utgreiingsprosjektet ser nærare på i alternativ 3. Utgreiingsprosjektet si førebelse vurdering er at alternativ 4 kan få auka relevans når ein kjenner endeleg utfall av dei andre regionaliseringsprosessane.

Konsekvensar for NAV-organiseringa i Sogn og Fjordane i høve dei fire alternativa

Tabellen under syner korleis dei ulike alternativa slår ut for dagens Sogn og Fjordane med innbyggartal i kvart fylke, tal årsverk i Arbeids- og tenestelina samla samt fordeling av NAV-kontor i kvar region:

		Alt. 1	Alt. 2	Alt. 3	Alt. 4
Dagens fylke	Innbyggjarar	Med <u>dagens</u>	Med <u>dagens</u>	Med <u>dagens</u>	Med <u>dagens</u>

		NAV-årsverk og NAV-kontor	NAV-årsverk og NAV-kontor	NAV-årsverk og NAV-kontor	NAV-årsverk og NAV-kontor
Sogn og Fjordane	109623	149 årsverk 26 kontor	1194 årsverk 95 kontor	721 årsverk 66 kontor	
Hordaland	517601	572 årsverk 40 kontor			
Rogaland	470907	473 årsverk 29 kontor			

Tabellutdrag: Hovudalternativa som er vurdert gjennom utgreiingsprosjektet sin delrapport 1, s. 15.

4. Regionalisering gjev moglegheiter – merknader til utgreiinga

Utgreiingsprosjektet sitt ønske om tilbakemelding

Gjennom høyringsdokumentet er høyringsinstansane bedne om å vurdere særleg dei delane av arbeids- og tenestelina som i dag har ein fylkesvis struktur. Dette vil seie fylkeskontora, arbeidslivssentra, arbeidsrådgevingskontora, rådgevande legar og enkelte andre tenester. NAV-kontora, NAV-kontaktsentra og NAV Hjelpemidlar samt tilrettelegging i arbeids- og tenestelina er ikkje direkte omfatta av utgreiinga. Utgreiingsprosjektet ønskjer ei brei høyring hjå aktuelle samarbeidspartar og internt i NAV. Utgangspunktet for høyringa er høyringsdokumentet i sin heilskap, men prosjektet ber likevel spesielt om tilbakemeldingar på følgjande 9 punkt:

1. Regionar: Kva kommentarar har høyringsinstansane til framlegget om inndelinga i nye regionar?
2. Frigjering/omfordeling av ressursar til ei norm på 20/80: I dag vert om lag 24% av budsjettet nytta på fylkesnivået og 76% til NAV-kontora. Utgreiingsprosjektet ønskjer tilbakemelding på korleis ei dreining frå 24/76 til ei norm på 20/80, der minst 80% av budsjettet skal nyttast på NAV-kontora, vert opplevd. Vidare er det eit spørsmål korleis ein skal lukkast med ei slik dreining.
3. Regionalisering og omfordeling av ressursar gjev moglegheiter: Det er behov for å frigjere ressursar som i dag vert nytta på fylkesnivået, og omfordele desse til bruk i NAV-kontora. Kva for positive konsekvensar vil dette gje? Kva for negative konsekvensar ser høyringsinstansane?
4. Roller og oppgåver på regionalt nivå: Korleis vurderer høyringsinstansane dei roller og oppgåver som vert føreslegne på regionalt nivå? Er det nokon av rollene og oppgåvene på regionalt nivå som med fordel kan leggjast til NAV-kontor?
5. Organisering av regionale spesialeiningar: Korleis vurderer høyringsinstansane dei fire alternative framlegga til organisering av dei regionale spesialeiningane? Kor stort handlingsrom bør den enkelte region ha til å avgjere organisering av regionale spesialeiningar?
6. Organisasjonskultur: Kva for tiltak bør gjerast for å styrke organisasjonskulturen og arbeidsmiljøet i samband med gjennomføringa av regionaliseringa?
7. Risikovurdering ved implementering av nye regionar: Kva for element bør inngå i risikovurderinga før vedtak om nye regionar vert gjort?
8. Kriterium for lokalisering: Har høyringsinstansane synspunkt og/eller kommentarar til kriteria (vurdering av vilkår og vekting) for avgjerd om lokalisering av regionnivået?
9. Andre kommentarar: Har høyringsinstansane andre kommentarar til prosjektet sine tilrådingar?

Fylkesrådmannen vurderer høyringsdokumentet slik at vi først og fremst bør fokusere på punkt 1, men at vi også bør kommentere temaa som er framme under punkta 4, 5 og 8 ovanfor.

Regioninndelinga – styringsgruppa si tilråding (pkt. 1)

Styringsgruppa føreslår at det frå 01.01.20 vert etablert 11 NAV-regionar, noko som inneber samanslåing av Hordaland og Sogn og Fjordane. Styringsgruppa understrekar i høyringsnotatet at dette er deira førebelse tilråding, og at dei vil leggje monaleg vekt på høyringsfråsegnene som kjem inn. Gruppa føreslår også at dei regionale spesialeiningane innanfor NAV-organisasjonen følgjer same inndelingane som regionkontora. Ei slik løysing skal ikkje avgrense NAV sine moglegheiter for å ha ei meir delt lokalisering av arbeidsplassar innanfor spesialeiningane enn i dei noko meir samlokaliserte NAV-regionkontora.

Den 22.02.17 gjekk eit fleirtal på Stortinget inn for ein modell med ei ny folkevald regioninndeling som ligg nært opp til styringsgruppa sitt framlegg i NAV-prosjektet. Avviket er at Buskerud vert slege saman med Akershus og Østfold, og at ein vil sjå nærare på grensene mellom fleire regionar (dei nordlegaste fylka). Det formelle framlegget frå regjeringa om ein ny folkevald regionstruktur låg føre 05.04.17 gjennom Prop. 84 S (2016-17) «Ny inndeling av regionalt folkevalt nivå». Stortinget vil handsame denne 08.06.17. Den 10.03.17 gjorde regjeringa elles vedtak om samanslåing av fylkesmannsembeta. Inndelingane gjev samanfallande struktur med dei folkevalde regionane. Eit mogleg unntak er Oslo.

Avklaringane og signala som er komne om fylkesmannsembeta sin framtidige struktur og den nye regionstrukturen for regionalt folkevalt nivå, gjev oss eit godt grunnlag for å vurdere styringsgruppa si førebelse tilråding til ny inndeling av det regionale nivået i NAV.

Fylkesrådmannen rår fylkestinget til å understreke at arbeids- og tenestelina i NAV bør få ei organisering og ei regional inndeling som i størst mogleg grad samsvarer med det nye folkevalde regionale nivået og dei nye fylkesmannsembeta sin geografiske struktur. Regional samordning innanfor sams yttergrenser bør vere eit gjennomgåande grunnprinsipp i regionaliseringa som no går føre seg innanfor ulike offentlege fag- og sektorområde. Styringsgruppa i utgreiingsprosjektet har alt peikt på dette alternativet som eit aktuelt modellval, og bør halde fast på dette standpunktet i den vidare omstillingsprosessen.

Fylkesrådmannen stiller seg meir kritisk til styringsgruppa sitt framlegg om at NAV-regionkontora primært skal samlast på *ein geografisk stad*. Gruppa peikar på at det kan vere gode grunnar til at ikkje alle tenester nødvendigvis må vere samlokaliserte frå oppstartstidspunktet, men at dette er ein klar ambisjon i den vidare omstillingsprosessen. Kravet om samlokalisering vert m.a. grunngeve med at målet med frigjering av ressursar til NAV-kontora føreset samlokalisering og meir effektiv drift. Eit tal stillingar (i overkant av 10%) som i dag er plasserte regionalt, vil innan 01.01.20 vere plassert i større, lokale NAV-kontor. Styringsgruppa for utgreiingsprosjektet legg til grunn at dei nye regionkontora vert lagde til ein stad i regionen, og at alle medarbeidarane i regionkontoret i hovudsak jobbar ut frå denne hovudbasen. Unntaket kan vere tenester som NAV av faglege grunnar finn føremålstenleg å plassere andre stader.

Det vert samstundes i høyringsdokumentet vist til at det er gode grunnar for å ha ei delt geografisk lokalisering innanfor *dei regionale spesialeiningane* i NAV-organisasjonen. Fylkesrådmannen er samd i at til dømes arbeidslivssentra bør behalde sine eksisterande lokasjonar, då nærleiksprinsippet i stor grad må leggjast til grunn for denne tenesta. Styringsgruppa i prosjektet meiner likevel det er sentralt at også leiarane for spesialeiningane vert lokaliserte/sit same stad som dei nye NAV-regiondirektørane. Styringsgruppa meiner at det, innanfor dei økonomiske rammene som implementeringa vil føregå i, må vere fridom i regionane til å gjere nødvendige avvegingar omkring lokaliseringsspørsmålet.

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å understreke viktigeita av at NAV-organisasjonen innanfor ei ny og heilskapleg regioninndeling bør leggje opp til ein desentralisert struktur, der leiinga for det nye regionale NAV-kontoret (for vår del) vert lagt til Bergen. Moderne leiing og oppgave- og arbeidsdeling inneber at organisasjonen tek kompetansen i heile regionen i bruk. Slik vil også det nye regionnivået i NAV ha nærleik til, og god kunnskap om, utfordringane i kommunane og lokalsamfunna i heile regionen.

Sogn og Fjordane fylkeskommune stiller seg gjennom eit slikt standpunkt bak intensjonsplanen for samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland, jf. FT-sak 03/17, i spørsmålet om plassering av hovudleiinga av eit nytt regionalt NAV-kontor i Bergen. På same måte forventar vi støtte frå Hordaland fylkeskommune i høve vilkåret om at fylkesmannsembetet skal ha ei desentralisert forvaltning lokalisert i begge dagens fylke, med leiging frå Sogn og Fjordane.

Ei regional inndeling som samsvarer med det nye folkevalde regionale nivået og dei nye fylkesmannsembeta sin geografiske struktur, med ei påfølgjande styrking av dei lokale NAV-kontora gjennom overføring av oppgåver frå dagens regionale nivå, skaper vidare klare forventningar om at det i framhaldet vert gjort ei tilsvarande vurdering om i kva grad oppgåver kan overførast frå direktoratnivå til dei nye NAV-regionkontora. Fylkesrådmannen rår i si tilråding her fylkesutvalet til å gje tydeleg uttrykk for denne forventninga overfor arbeids- og velferdsdirektøren og Stortinget sin vidare avgjerdsprosess.

Roller og oppgåver på regionalt nivå – styringsgruppa si tilråding (pkt. 4)

Fylkesrådmannen finn grunn til å støtte styringsgruppa for NAV-prosjektet i synet på at alle regionar må ha nokre såkalla gjennomgåande basisoppgåver. I delrapport 2 har arbeidsgruppa oppsummert det regionale NAV-kontoret sine framtidige oppgåver gjennom følgjande roller:

- Styring og samhandling
- Utvikling, omstilling og støtte
- Samfunnsaktør
- Oppgåvedifferensiering – ansvar for særskilte oppgåver i enkelte regionar

For at regionkontoret skal ivareta og utøve definerte roller, er oppgåver som styring, ressursfordeling, rapportering og oppfølging av underliggjande einingar, samhandling med kommunane, KS, fylkeskommunane og andre viktige relasjonar regionalt heilt sentrale.

Særleg innanfor vidareutviklinga av partnerskapen mellom kommunenivået og staten i NAV-organisasjonen ser fylkesrådmannen behov for at regionane vert tydeleg styrka. Dette er mest sentralt for at NAV-regionane skal bli ein endå meir sentral utviklingsaktør. Partnerskapen mellom stat og kommune er ein viktig arena for å diskutere leiging og utvikling av NAV-kontora, og ein arena for å finne rolla som samarbeidspart for dei nye folkevalde regionane. NAV-leiar har ei sentral rolle i partnerskapen, og det er difor av stor betydning at regiondirektøren investerer tid på samarbeidet med rådmennene, og har ein god dialog med NAV-leiarane om prioritering av oppgåver og ei forsvarleg og målretta drift.

Organisering av regionale spesialeiningar – styringsgruppa si tilråding (pkt. 5)

NAV har ansvar for ei rekkje oppgåver som krev lokalkunnskap og tett kontakt med brukarane. Ein har òg oppgåver som i noka grad kan løysast uavhengig av kvar i regionane og i landet einingane er lokaliserte:

- NAV Arbeidslivssenter (ALS) – einaste spesialeininga som er etablert som sjølvstendig eining i Sogn og Fjordane i dag.
- NAV Arbeidsrådgjeving (ARK)
- Rådgjevande legeteneste (ROL)
- NAV Tiltak
- NAV EURES
- NAV Marknadseining

Fylkesrådmannen støttar styringsgruppa si vurdering om at ein på noverande tidspunkt ikkje legg for sterke føringar for organisering og lokalisering inn i ein sams regional struktur for spesialeiningane. Her bør dei nye NAV-regionane ha stor fridom til å etablere gode, desentraliserte og brukarnære løysingar. Det bør likevel stillast klare forventningar til kva for tenester som skal leverast innanfor kvar region.

Fylkesrådmannen vil også understreke at det er viktig å vere klar over arbeidslivssentra si nære tilknytning til partane i IA-samarbeidet (inkluderande arbeidsliv). Avtalen om eit meir inkluderande arbeidsliv er viktig i det norske arbeidslivet.

Kriterium for lokalisering – styringsgruppa si tilråding (pkt. 8)

Fylkesrådmannen meiner generelt nærleik til kommunane bør vektast tungt ved lokalisering av dei nye regionale NAV-einingane. Utgreiingsrapportane gjev nærleiksprinsippet for lite vekt, og det vil vere viktig at den geografiske avstanden til kommunane ikkje vert for stor. Dette har ikkje berre med kommunane sitt tilgjenge til NAV-organisasjonen å gjere, det handlar òg om effektiv drift og ein felles lokalkunnskap som grunnlag for god samhandling.

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å understreke viktigheita av at NAV-organisasjonen, innanfor ei ny regioninndeling, bør leggje opp til ein desentralisert struktur, der leiinga for det nye regionale NAV-kontoret sit i Bergen, men der organisasjonen tek kompetansen i heile regionen i bruk. Berre slik vil det nye regionnivået i NAV ha nærleik til, og god kunnskap om, utfordringane i kommunane og lokalsamfunna i heile regionen.

5. Fylkesrådmannen si tilråding

Framtidig regional modell for arbeids- og tenestelina i NAV

Fylkesrådmannen i Sogn og Fjordane meiner det er fornuftig å gjennomføre ei brei kartlegging av moglege framtidige regioninndelingar for NAV-organisasjonen. Med bakgrunn i den pågåande kommunereforma og ein endra kommunestruktur med færre og større kommunar, endringar i den regionale folkevalde strukturen og ei ny geografisk inndeling av fylkesmannsembeta bør omstillingsarbeidet i størst mogleg grad føre til regional harmonisering.

Kommunane er NAV sine viktigaste samarbeidspartnarar, og fylkesrådmannen meiner ei regionalisering bør ha som målsetjing av stat, regionnivået og kommunane fungerer best mogleg saman.

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å understreke at arbeids- og tenestelina i NAV bør få ei organisering og ei regional inndeling som i størst mogleg grad samsvarer med det nye folkevalde regionale nivået og dei nye fylkesmannsembeta sin geografiske struktur. Regional samordning innanfor sams yttergrenser bør vere eit gjennomgåande grunnprinsipp i regionaliseringa som no går føre seg innanfor ulike offentlege fag- og sektorområde. Styringsgruppa i utgreiingsprosjektet har alt peikt på dette alternativet som eit aktuelt modellval, og bør halde fast på dette standpunktet i den vidare omstillingsprosessen.

Intensjonsplan for fylkessamanslåing – føringar for vårt syn på NAV-reforma

Forhandlingsutvala frå Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar vart 17.01.17 samde om ein intensjonsplan for ein ny framtidig folkevald region på Vestlandet. Det overordna målet i planen er at Vestlandsregionen skal vere ein sterk, attraktiv og kompetent samfunnsutviklar og tenesteytar under regional folkevald styring. Forhandlingsutvala valde å understreke fleire vilkår for å etablere ein ny folkevald region. Eitt av desse vilkåra handla om leiing av ein ny NAV-region på Vestlandet.

Intensjonsplanen sitt pkt. 10 g) seier at dei to fylkeskommunane legg til grunn at det nye regionkontoret

for NAV vert lokalisert til Bergen. Fylkesrådmannen støttar opp om dette vilkåret gjennom denne saksutgreiinga, og rår til at Sogn og Fjordane fylkeskommune gjennom eit slikt standpunkt, jf. FT-sak 03/17, stiller seg bak plasseringa av hovudleiinga av eit nytt regionalt NAV-kontor i Bergen. På same måte forventar vi støtte frå Hordaland fylkeskommune i høve vilkåret om at fylkesmannsembetet skal ha ei desentralisert forvaltning lokalisert i begge dagens fylke, med leiing frå Sogn og Fjordane.

Ei regional inndeling som samsvarer med det nye folkevalde regionale nivået og dei nye fylkesmanns-embeta sin geografiske struktur, med ei påfølgjande styrking av dei lokale NAV-kontora gjennom overføring av oppgåver frå dagens regionale nivå, skaper vidare klare forventningar om at det i framhaldet vert gjort ei tilsvarende vurdering om i kva grad oppgåver kan overførast frå direktoratnivå til dei nye NAV-regionkontora. Fylkesrådmannen rår i si tilråding her fylkesutvalet til å gje tydeleg uttrykk for denne forventninga overfor arbeids- og velferdsdirektøren og Stortinget sin vidare avgjerdsprosess.

Moderne arbeidsformer – eit naturleg fundament i den store nasjonale regionaliseringstrenden

Eit gjennomgåande prinsipp i forhandlingane mellom Hordaland og Sogn og Fjordane om eit nytt regionalt folkevalt nivå, har vore at oppgåver innanfor alle sentrale fagområde framleis skal kunne utførast i bae dagens fylke. Tilsette kan halde fram å arbeide innanfor ulike sektorar og fagfelt, sjølv om dei ikkje bur og arbeider der administrativ sektorleiing har hovudsete.

Velferdsstaten vil vere under press i åra som kjem, m.a. som følgje av minkande oljeinntekter og demografiske endringar. Produktivitetskommissjonen (2015) understreka behovet for omstilling i alle sektorar, gjennom satsing på kunnskapsproduksjon, teknologi og innovasjon. Det betyr at offentleg sektor må effektivisere, tenkje nytt og jobbe smartare. Fylkesrådmannen er positiv til at staten legg til grunn at NAV skal organiserast og driftast meir effektivt og at ressursar skal allokeraast mot NAV-kontora. I prosjektrapporten manglar det likevel eit vidare perspektiv på effektivisering, der òg digitalisering og nye arbeidsmåtar er tekne med. Innsparingspotensialet ved samanslåing av NAV-fylkeskontora blir ikkje i særleg grad underbygde av fakta knytt til digitalisering og nye mulegheiter for smart arbeidsdeling og brei geografisk rekruttering. Fylkesrådmannen er difor glad for at ein i avgjerdsprosessane i denne omstillingsprosessen skal leggje avgjerande vekt på erfaringar frå regionalisering innanfor andre regionale og statlege etatar, til dømes Statens vegvesenet og Skatteetaten. Desse prosessane syner at det ligg eit stort potensiale i å samle oppgåver og stadsuavhengige spesialeiningar, og også i å oppretthalde ein desentralisert administrativ struktur basert på digital samhandling og moderne leiing.

Ny regioninndeling skal styrke samfunnsutviklarrolla og den regionale partnerskapen

Fylkesrådmannen meiner regionaliseringstrenden må ha som overordna ambisjon å flytte makt og ansvar til større regionar, som gjennom dette vert meir handlekraftige og sjølvstendige i høve samfunnsutviklinga samla sett. Målet må vere eit lokal- og regionaldemokrati og ei regional statsforvaltning som ivaretek velferd og sikrar utvikling, verdiskaping og trivsel for heile regionen basert på lokal og regional kunnskap.

Samfunnsutviklarrolla inneber eit felles ansvar som lokalt, regionalt og statleg nivå i fellesskap tek for å skape ei heilskapleg og ønskt utvikling i eigen region. Rolla krev ein koordinert regional partnerskap, der NAV er ein viktig aktør. Samfunnsutvikling handlar om summen av innsats retta mot velferdstenester, folkehelse, kompetanse, kultur, ressursforvaltning, klima, miljø, samferdsle og næringsutvikling. Felles regionale grenser og ei desentralisert lokalisering av arbeidsplassar og kompetanse vil vere ein føresetnad for den nye regionale partnerskapen sin samla innsats.